

Bergsdalen jordbrukslag

Vaksdal sau og geit

Bergsdalen, 22.04.21.

Vaksdal kommune

Konsul Jebsensgt 16

5722 Dalekvam

post@vaksdal.kommune.no

Dykkar brev 21/238 -21/2758.

HØYRINGSUTTALE vedr. FRAMLEGG TIL NY, LOKAL FORSKRIFT OM SPREIEFRIST AV HUSDYRGJØDSEL I VAKSDAL KOMMUNE- INNKORTING AV SPREIEFRIST.

Husdyr gjødsel/siloshaft (organisk gjødsel) er ein stor og viktig ressurs for oss som bønder. «Bondens gull». Den prøver me å nytta på best mogleg vis.

Vekst sesongen vert stadig lengre. Dyra kan gå lengre ute å beita, og innmark vert brukt til haustbeite. I dyrevelferdssamanheng er det viktig at dyra får moglegheit til å «lufta seg.» og samtidig beita. Då må ein også tilføra næringsstoff til areala.

Me ser også at bønder no investerer i stripespreiarar, noko som vil gje betre gjødselvirkning og redusera avrenning.

Prøveresultat frå «Vann nett portal» som ligg ved saksutgreiinga, syner at avrenning frå jordbruket i Bergsdalen er påvist i liten til middels grad.

Rådgivande Biologar undersøkte Bergsdalsvassdraget sommaren 2015. Dei tok då 5 prøvar i tidsrommet 23.juni til 19.oktober, på 3 stader i Bergsdalselva, og 2 stader i Daleelva.

Konklusjonen var «lite forurenset vassdrag». Dei utførte liknande undersøking i 1994. For Bergsdalsvassdraget syntet det mindre forureining i 2015 enn i 1994. Utdrag frå rapporten 2204 ligg ved brevet.

For Bergsdalsvassdraget er det ikkje noko minstevassføring. No er konsesjons vilkåra for Bergsdalsvassdraget oppe til revisjon. Sjølv om vasskvaliteten ut frå prøvar, ser bra ut, vil ei viss minste vassføring betra vasskvaliteten monaleg. For fiske vil det også vera positivt. Det visuelle inntrykket av elva vil bli betre.

Me vonar å få eit godt samarbeid med Vaksdal kommune og BKK, for å få dette til.

Vår konklusjon:

Ut frå dei opplysningane me har i dag, meiner me at det er forsvarleg og rett å kunna spreia organisk gjødsel ut september, slik me gjer i dag.

Med helsing

Bergsdalen jordbrukslag

Helge Terje Fosse

Vaksdal sau og geit

Kjetil Rødland

